



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/868-45

22. juni 2022

## **Avgjerd om avslag på initiativ om å greie ut grensejustering mellom Sandnes og Sirdal kommunar**

Eg viser til innbyggjarinitiativ 12. februar 2022 frå Berit Tangen på vegne av innbyggjarane som bur i Lysebotn-området, og til brev frå Statsforvaltaren i Rogaland 2. mai 2022 med statsforvaltaren si vurdering av innbyggjarinitiativ om grensejustering av Lysebotn i Sandnes kommune til Sirdal kommune, jf. inndelingslova § 8 første ledd.

Primært ønskjer initiativtakarane at området framleis skal høyre til i Sandnes kommune. Dersom den del av gamle Forsand kommune som høyrer til Sandnes kommune skulle bli grensejustert til Strand kommune, går det fram av initiativet at innbyggjarane i Lysebotn da ønskjer å bli ein del av Sirdal kommune.

Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som avgjer om det skal setjast i gong ei utgreiing av initiativ etter inndelingslova § 8, og som tar stilling til kva som er nødvendig omfang av ei slik utgreiing, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

Departementet viser til brev frå departementet 22. juni 2022 med vedtak i sak om grensejustering mellom kommunane Sandnes og Strand, kor Kommunal- og distriktsdepartementet har vedteke å ikkje gjennomføre ei grensejustering frå Sandnes kommune til Strand kommune av den delen av gamle Forsand kommune som frå 1. januar 2020 har høyrte til Sandnes kommune. Forsand-området vil framleis liggje i Sandnes kommune. Departementet viser til at premissen for innbyggjarinitiativet dermed ikkje er til stades, og ser ikkje grunn til å greie ut saka nærare.

Avgjerd om ikkje å setje i gong ei utgreiing av grensejustering kan påklagast i samsvar med reglane i forvaltningsloven kap. VI, jf. inndelingslova § 9 første ledd. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningsloven § 29.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Kopi

Agder fylkeskommune  
Kartverket  
Rogaland fylkeskommune

Adresseliste

|                                |                 |      |           |
|--------------------------------|-----------------|------|-----------|
| Statsforvaltaren i<br>Rogaland | Postboks 59     | 4001 | STAVANGER |
| Berit Tangen                   | Lyse 43         | 4127 | LYSEBOTN  |
| Sandnes kommune                | Postboks 583    | 4302 | SANDNES   |
| Sirdal kommune                 | Tonstadvegen 28 | 4440 | TONSTAD   |